

5TH EDITION KOMPATIBELT

# DEN ØSTRE JAKTA

NB! SKAL KUN LESAST AV DEN  
SOM SKAL LEIE SPELET!



Eit nybyrjareventyr for  
opp til 5 goblins  
+ speleleiari.

## Kva er 5E, og rollespel?

I eit rollespel er det ein person som leiar spelet. Denne personen kallar vi ofte Game Master eller GM. Dei andre inntek rolla som ein karakter. Karakterane har ulike ferdigheiter/ eigenskapar, både styrkar og svakheiter. Desse er noterte på eit karakterark (sjå side 6). GM fortel ei historie og spelarane tek del i forteljinga ved å velje korleis deira karakter reagerer på det som skjer. Medan nokre spelarar tek rolla fullt ut og snakkar på vegne av karakteren som improvisert teater, vil andre heller forklare kva deira karakter tenkjer og gjer. Alt er lov. Det er ingen feil måte å spele på, det er berre fantasien som set grenser. Saman skapar spelarane og speleleiar/GM ei spennande historie.

Dersom ein spelar vil prøve på noko som er litt vanskeleg, slik som å balansere på ein smal tømmerstokk for å kome over eit høgt juv, gir GM spelaren ein Dice check/DC dei skal klare å matche eller slå; til dømes DC15. Spelaren trillar sin tjuesida d20 terning, legg på eventuelle poeng for ferdighet, og ser om h\*<sup>n</sup> klarte å få 15 eller meir. Dersom h\*<sup>n</sup> klarar DC'en (SUCCESS) balanserer h\*<sup>n</sup> trygt over juvet. Dersom h\*<sup>n</sup> får lågare enn 15 (FAIL) skjer noko negativt. Meir om DC/Dice check på side 7.

Dungeons & Dragons er det første og mest kjende rollespelet i verda, og har eksistert sidan tidleg 1970-talet. Dei siste åra har det fått ein kraftig oppsving takka vere tv-seriar som "Stranger Things" og "Critical Role". 5E er den femte utgåva av spelet. Det vert spelt av folk i alle aldrar, og passar til dei aller fleste.

Dette eventyret foregår i ei klassisk fantasyverd inspirert av "Ringenes Herre". Her finn du alle slags utrulege skapningar, skumle monstre og masse magi. Dersom du føretrekk andre sjangrar fins det MANGE andre rollespel som tek for seg alle slags ulike tema: apokalypse, sci-fi, skrekk og meir. Ta gjerne ein kik på den norske nettsida Rollespill.info for masse informasjon og vurderingar av ulike rollespel, samt mange gratis rollespel ein kan laste ned.

### Takk til speletestarane:

Idar, Stian, Oliver, Ingebjørg, Aurora, Annelinn, Oddrun, Eskil, Filip, Maddie, Charlotte, Alex Olai, Paulina, Ole Kristian, Lena, Hector, Markus, Eirik, Kristian, Mats, Henrik, Anne-Laila, Miriam og Evelyn.

## **Forord:**

Dette er eit enkeltståande eventyr (på engelsk kalla "one shot") for nybyrjarar. Vi tek utgangspunkt i reglane til rollespelet "Dungeons & Dragons 5th edition" (heretter kalla 5E), men har forenkla og fokusert på dei reglane som gjeld for dette eventyret. Sidan eventyret er for nybyrjarar vil speleleiar/GM føre spelarane på rett veg. Det er slik sett eit togskinne-eventyr (engelsk: railroad) som betyr at det er avgrensa valmoglegheiter for spelarane.

Det vert brukt ein del engelske ord sidan 5E vert utgitt på engelsk.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar, vil vi gjerne høre frå deg, på [post@hoggtann.com](mailto:post@hoggtann.com).

Dersom eventyret gir meirsmak er det mogleg å låne terningar og 5E-bøkene "Dungeon Master's Guide", "Player's Handbook" og "Monster Manual" på Sogndal bibliotek.

## **Korleis bruker dette heftet:**

Dei første sidene inneholder generell informasjon om rollespel. Sjølv eventyret byrjar på side 7. Bakerst finn du vedlegg som skal nyttast med spelarane.

Dersom du har spelt 5E før kan du gå direkte til side 7 for informasjon om eventyret.



## **Legal Information and Copyright Notice:**

This release of DEN STORE JAKTA is done under version 1.0 of the Open Gaming License (page 22), and the System Reference Document by permission from Wizards of the Coast, Inc. Designation of Product Identity: The following items are hereby designed as Product Identity in accordance with Section 1(e) of the Open Gaming License, version 1.0:

Den Store Jakta, all proper nouns, capitalized terms, italicized terms, artwork, maps, symbols, depictions, and illustrations, except such elements that already appear in the System Reference Document or have been released as Open Content.

© 2023 Hoggtann Media. All rights reserved.

The works of fiction, including but not limited to stories, characters, and associated content, presented here, exempt from those under the Open Gaming License and the System Reference Document by permission from Wizards of the Coast, Inc. are the intellectual property of Hoggtann Media. These works are protected by copyright laws and international treaties. Reproduction or distribution of these works, in whole or in part, without the express written permission of Hoggtann Media is strictly prohibited. Unauthorized use, reproduction, or distribution may result in civil and criminal penalties.

For inquiries regarding the use or licensing of these works, please contact:

Hoggtann Media: [post@hoggtann.com](mailto:post@hoggtann.com) [www.hoggtann.com](http://www.hoggtann.com)

## **Innhaldsliste:**

- Side 1 - Framside
- Side 2 - Kva er 5E, og rollespel? | Takk
- Side 3 - Forord | Korleis bruke dette heftet | Legal Information
- Side 4 - Innhaldsliste
- Side 5 - Terningar
- Side 6 - Døme på karakterark, med viktige punkt
- Side 7 - Informasjon til Game Master | Samandrag av eventyret | Lage Dice checks
- Side 8 - Døme på skills/ferdigheiter
- Side 9 - Den Store Jakta. Del 1: Store Høvding Fluus
- Side 11 - Del 2: Sjaman Turek
- Side 12 - Puzzle
- Side 13 - Del 3: Nettet i treet
- Side 14 - Del 4: På jakt | Info/Stats Giant Badger
- Side 15 - Korleis kamp fungerar
- Side 16 - Får ein spelar 0 eller minus i HP?
- Side 17 - Kamp og kart
- Side 18 - Del 5: Fangsten
- Side 19 - Info/Stats for vaksen Owlbear
- Side 20 - Del 6: Flukta
- Side 22 - Del 7: Heimkomst
- Side 23 - Open Game License
- Version 1.0a
- Side 25 og utover - Vedlegg




## Terningar:

Det vert brukt ulike terningar i 5E. Terningane vert kalla D, som står for DICE, etterfulgt av eit tal som seier kor mange sider terningen har. Til dømes har d20 tjue sider, og er den mest brukte terningen. Dersom det står du skal trille 2d20 betyr dette at du trillar 2 stk d20 eller ein d20 2 gonger. Bakerst finn du ei lik oversikt som du kan gi til spelarane dine.


**D20 er den mest brukte terningen i 5E.**



D4



D6



D8



D10




D12



D20



D100



# Døme på karakterark, med viktige punkt



**10**  
+0  
STRENGTH

**18**  
+4  
DEXTERITY

**14**  
+2  
CONSTITUTION

**12**  
+1  
INTELLIGENCE

**13**  
+1  
WISDOM

**7**  
-2  
CHARISMA

NAMN:

# SNUS

KLASSE:

# RANGER

HP	Hit Dice	AC
MAX HIT POINTS / HP	HIT DICE	ARMOR CLASS / AC
<b>12</b>	<b>1d10</b>	<b>15</b>
INITIATIVE	SPEED	DEATH SAVES:
<b>+4</b>	<b>30 FEET</b>	SUCCESSES: <input type="radio"/> <input type="radio"/> <input type="radio"/> FAILURES: <input type="radio"/> <input type="radio"/> <input type="radio"/>

**Initiative** **Speed**

#### BONUS ACTION:

Nimble Escape: Du kan bruke Disengage action som bonus action på dine rundar.

#### SPECIAL:

Natural Explorer: Skogen er favoritt-terrenget ditt. Når du er i skogen får du +2 på DC som går på Animal Handling, Arcana, History, Insight, Investigation, Medicine, Nature, Perception, Religion eller Survival.

#### EQUIPMENT:

Backpack, bedroll, mess kit, tinderbox, 10 torches, 10 rations, waterskin, 50 feet rope, flute.

SKILLS / FERDIGHEITER	
ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1
INSIGHT	+3
INTIMIDATION	-2
INVESTIGATION	+3
MEDICINE	+1
NATURE	+3
PERCEPTION	+3
PERFORMANCE	-2
PERSUASION	-2
RELIGION	+1
SLEIGHT OF HAND	+4
STEALTH	+4
SURVIVAL	+3

Ferdigheter

SAVING THROWS	
STRENGTH	+2
DEXTERITY	+6
CONSTITUTION	+2
INTELLIGENCE	+1
WISDOM	+1
CHARISMA	-2

**Saving  
Throws**

VÅPEN:	HIT (d20+):	SKADE:
NAMN:		
LONGBOW	+6	1d8+4
DAGGER (KNIV)	+6	1d4+4
HANDAXE	+2	1d6
Våpen	Hit	Skade
UNARMED STRIKE	+2	1

# Informasjon til Game Master

Les gjennom eventyret nokre gonger, slik at du hugsar kva som skal skje. Før de byrjar kan du fortelje spelarane at dei er goblins (ca 1 meter høge "troll") med ulike ferdigheter/klassar. Del ut karakterarka du finn bakerst, slik at kvar spelar får ein karakter kvar. Sidan dette er eit kort eventyr (engelsk: one shot) er det avgrensa kva spelarane kan gjere. Dei vert spora i "rett retning" av deg som GM.

## Samandrag av eventyret:

1. Store høvding Fluus vil ha eit vaktdyr til borga, i tilfelle innitrengarar kjem. Han beordrar spelarane til å finne eit høveleg vaktdyr.
2. Spelarane må snakke med stammens sjaman for å finne ut kva dyr dei skal fange. Dei må løyse ein puzzle som fortel at dei må finne ein OWLBEAR. Eit digert monster som ser ut som ein bjørn, men med hovudet til ei ulykke.
3. Spelarane må hente ned eit nett som ligg høgt oppe i eit tre.
4. Dei kan hamne i kamp med ein GIANT BADGER.
5. Dei finn både owlbear mor og born.
6. Dei må flykte frå owlbear.
7. Dei dør eller returnerar til borga med eller utan fangst.



SKILLS / FERDIGHEITER	
ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1
INSIGHT	+3
INTIMIDATION	-2
INVESTIGATION	+3
MEDICINE	+1
NATURE	-3
PERCEPTION	+3
PERFORMANCE	-2
PERSUASION	-2
RELIGION	+1
SLEIGHT OF HAND	-4
STEALTH	+4
SURVIVAL	-3

## Lage Dice checks:

Nokre gonger vil spelarane dine finne på ting verken du eller dette eventyret har tenkt på. Med mindre det dei vil gjere er veldig enkelt, lagar du ein Dice check (DC) for det dei vil prøve på.  
Først bestemmer du kva skill / ferdighet dei skal bruke.  
Deretter bestemmer du kva minste tal/DC dei må få.  
So trillar dei ein d20 og legg til poeng for ferdighet. Resultatet må vere lik eller meir enn det du set som DC.

## Sett din vanskeligheitsgrad ut frå det du meiner er korrekt:

DC5 - enkel    DC10 = middels    DC15 = utfordrande

DC20 = vanskeleg    DC25+ = veldig vanskeleg

## Døme på skills/ferdigheiter:

Dette ligg også med som eit vedlegg, slik at det kan liggje på spelebordet.

**Acrobatics:** Kroppsbevegelsar som krev balanse, fart og presisjon. Slenge seg i tau, balansere på ein kant.

**Animal handling:** Kor flink ein er med dyr. Klarar ein å roe ned eit dyr eller forstå kva det vil?

**Arcana:** Kunnskap om magi. Forstå spells.

**Athletics:** Kroppsbevegelsar som krev styrke. Å symje, klatre og hoppe.

**Deception:** Kor flink ein er til å lyge og lure. Spele død, forkle seg, lyge overbevisande.

**History:** Kor mykje ein veit om verdas historie og det som har skjedd før. Kva veit ein om ei gamal hule ein snublar over?

**Insight:** Magekjensla. Skjønnar ein om nokon lyg? Merkar ein at ein vert forfulgt? Lese kroppsspråk.

**Intimidation:** Klarar ein å skremme eller true nokon?

**Investigation:** Å leite aktivt etter noko. Finne skjulte knappar, lese etter spor i ei bok.

**Medicine:** Stabilisere døande personar, pleie eit sår.

**Nature:** Er det trygt å ete planta? Er dyret farleg? Kunnskap om naturen, plantar og dyr.

**Perception:** Bruke sansane til feks å unngå/oppdage feller.

Lytte, sjå, føle og oppdag.

**Performance:** Kan ein underhalde folk? Med sang, dans, eller kanskje ei historie?

**Persuasion:** Å overbevise/overtale nokon. Prute på ei vare, få nokon til å gjere noko.

**Religion:** Kunnskap om gudar og ulike religionar.

**Sleight of hand:** Kor flink og rask ein er med hendene.

Lommetjuveri, korttriks, sjonglere.

**Stealth:** Kor flink ein er til å snike stille, skjule og göyme seg.

**Survival:** Overlevelse. Finne og følgje spor etter dyr. Finne spesielle planter eller dyr til mat eller medisin.

SKILLS / FERDIGHEITER	
ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1
INSIGHT	+3
INTIMIDATION	-2
INVESTIGATION	+3
MEDICINE	+1
NATURE	+3
PERCEPTION	+3
PERFORMANCE	-2
PERSUASION	-2
RELIGION	+1
SLEIGHT OF HAND	+4
STEALTH	+4
SURVIVAL	+3

# Den Store Jakta

## Del 1: Store Høvding Fluus

Det er opp til deg som GM korleis du vil rollespele/forklare Høvdingen. Er det mann/dame, korleis ser h\*<sup>n</sup> ut, kva stemme og dialekt etc? Eventyret blir best når du legg til din eigen fantasi og forklarar korleis ting ser og høyres ut, korleis det luktar og kjennes. Dersom ynskjeleg kan du lese den følgjande teksten høgt, men aller helst fortelje det med dine eigne ord:

De tilhører det same vaktlaget i den ærverdige goblinstammen «Natteramp». Stammen har nettopp flytta til nokre gamle slottsruinar. Den siste veka har vore travel, med flytting frå dei gamle grottene og til den nye basen. No har de endeleg fått alt i hus, og prøver å slappe av litt. Ein liten goblingut kjem springande og gir dykk beskjed om å kome til Store Høvding Fluus snøggast råd. De kjem dykk på føtene og går inn i den store tronsalen, der den store høvdingen sit på ei delvis øydelagd trone. Ved sidan av høvdingen står ein høg, fryktinngytande bugbear. De kjenner han som livvakten til kongen, bugbearen Borr. Han ser stygt på dykk.

### Meir info til deg som GM, som du kan spele på:

Høvdingen er veldig hårsår og lett å fornærme. Dersom spelarane seier ting h\*<sup>n</sup> ikkje likar, truar h\*<sup>n</sup> dei med piskeslag eller at h\*<sup>n</sup> vil mate dei til sin livvakt bugbear Borr.

Medan goblins er ca 1 meter høge, er Borr minst 2 meter høg, og ser ut som ein stor, hårete goblin med masse musklar. Han seier minst mogleg, men gryntar. Faktisk har ingen av spelarane sine karakterar høyrt han snakke. Men dei er redd han, sidan han er so stor og sterk.

Dersom spelarane er frekke med høvdingen kan Borr slå dei i hovudet, og dei tek 1 HP i skade.



**Gjerne rollespel med dine eigne ord kva høvdingen seier, og legg opp til at spelarane kan ha ein dialog med høvdingen. Når du spelar ut høvdingen kan du byrje med at h\*n seier h\*n har høyrt gode ting om dette vaktlaget og ber dei introdusere seg til h\*n. På denne måten får du spelarane i prat.**

**Under står det kva høvdingen fortel gruppa.**

- Høvdingen er ekstremt nøgd med seg sjølv for flyttinga til borga.
- Høvdingen treng eit vaktdyr i borga, i tilfelle innetrengjarar. H\*n beordrar spelarane til å fange eit høveleg dyr.
- For å få velsigning vil høvdingen at goblinguden "Den mektige" skal bestemme kva dyr det skal vere. Høvdingen ber spelarane snakke med Sjaman Turek, slik at han kan kontakte "Den mektige" og få svar om kva dyr spelarane skal fange.
- Bugbear Borr skal følgje dei til Sjaman Turek. Sjamanen bur i ei jordhytte djupare inn i skogen, for å ha betre kontakt med gud og naturen.
- Om spelarane har spørsmål til korleis dei skal fange dyret, er Høvdingen veldig klar på at det IKKJE er h\*ns problem, men noko dei må finne ut av sjølve.
- Bugbear Borr vil ikkje snakke med dei. Han bere gryntar og dyttar gruppa framfor seg, medan han peikar kor dei skal gå.

Etter ein halv time kjem dei fram til jordhytta.



## Del 2: Sjaman Turek

Det er ganske mørkt i skogen der jordhytta står. Dei høge trea skuggar for sola. Det er masse knoklar og bein utanfor hytta, korger med sopp og larver, glas med slimete augeeple? Eit skite og slitt forheng, som fungerar som dør er lukka, men det stig røyk opp frå pipa/holet i taket. Kva vil dei gjere?

Dersom gjengen ropar etter sjamanen skjer det ingenting. Men inne i hytta finn dei han i ein slags transe. Røyken i hytta sler mot dei og svir i augene, og dei byrjar føle seg svimle.

### Alle spelarane som går inn må klare **CONSTITUTION SAVING THROW DC10.**

Spelarane ser på SAVING THROWS på karakterarket. Dei trillar d20, legg på talet i ruta (i dette dømet +2). Dersom spelar får 10 eller meir er h\*en ok. Får h\*en 9 eller lågare byrjar karakteren å spy og mistar 1 Hit point/HP.

SAVING THROWS	
STRENGTH	+2
DEXTERITY	+6
CONSTITUTION	+2
INTELLIGENCE	+1
WISDOM	+1
CHARISMA	-2

Sjaman Turek ensar ikkje at dei kjem, og nokon må fysisk riste eller slå, tømme vatn eller anna, for at han skal kome delvis ut av transen. Han snakkar masse tull (tungetale?) med ord og lydar som ikkje er til å forstå. Dersom spelarane stiller han enkle spørsmål om kva dyr dei skal fange - forstår han nok til at han byrjar å krabbe rundt på golvet. Det ser

ut til at han leitar etter noko. Han finn etterkvart ein liten skinnung med steinar i. Han tømmer ein liten haug med steinar i handa si og byrjar å riste dei i hendene medan han lagar ein messande lyd. Han seier ting som "Den mektige skal svare" - "kun Den mektige veit" etc, medan han ristar steinane i handa si.

Han avsluttar med "**Den mektige**" svarar via **runene**" og kastar steinane på golvet framfor spelarane - før han sloknar heilt og ikkje er mogleg å vekke att, uansett kva spelarane gjer.




## Det er klart for ein PUZZLE:

Klipp ut steinane på vedlegg 2 eller berre vis dei sida. Spelarane må flytte rundt på steinane for finne ut kva dyr dei skal fange. Minn spelarane på at det er eit engelsk ord. Svaret skal bli OWLBEAR. Dersom dei driv på ei stund utan å finne ut noko/skjønne noko so kan dei få hint.

**HINT 1:** Plustseleg hører dei at sjamanen byrjar å lage lydar i søvne; «uhuuu» som ei ugle etterfulgt av knurringa til ein bjørn.

**HINT 2:** Dei kan trille NATURE DC15 og skjønne ut eit av orda OWL eller BEAR i OWLBEAR.

Om spelarane vil leite etter spennande ting i hytta kan dei trille INVESTIGATION DC12. Ved SUCCESS legg dei merke til ein spesiell sopp. Dersom dei smakar forsiktig på soppen byrjar ein kroppsdel å vokse litt, som eit hint til kva effekt soppen har. Dersom ein spelar et heile soppen blir h\*<sup>n</sup> 3 meter høg og får ekstra +3 i ATHLETICS og ekstra +1 på alle nærkampvåpen i 30 minutt. Det er opp til spelarane å velje korleis og til kva tid dei skal bruke soppen - om dei tør.



Når dei har funne svaret og går ut av jordhytta blir dei stoppa av bugbear Borr som gryntar og gir teikn til at han vil vite kva dei skal fange.

(Borr snakkar med ei veldig lys, morsom stemme – som er grunnen til at han ikkje snakkar so mykje. Dersom nokon ler av den teite stemma til Borr - kan han fike til dei og gi dei 1 hp i skade.)

Når dei fortel at dei må fange ein Owlbear byrjar Borr å le og seier at dei kjem til å dø. Han forklarar at dei ikkje har sjans mot ein stor Owlbear (hint om at dei må fange ein liten). Men om dei virkeleg skal prøve – og det må dei jo, dei har jo ikkje anna val – so treng dei eit nett. Han veit om eit i nærleiken, og ler medan han ber dei følgje han.

## Del 3: Nettet i treet

Etter 15 minutt kjem dei til eit stort tre. Borr peiker opp mot toppen og forklarar at det er eit nett der. Det var ei mislykka ørnejakt som førte til at ørna drog med seg nettet og dumpa det der. Spelarane ser ikkje nettet (med mindre ein har ete soppen), men Borr lovar at det er der. Dei må klatre opp «1 høgd» for å sjå det.

SKILLS / FERDIGHEITER	
ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1

Det er 3 høgder opp til nettet (2 for den som har ete sopp). Kvar høgd må klatrast med ATHLETICS DC12. Dersom ein ikkje klarar DC må ein ta DEXTERITY SAVING THROW DC12 for å halde seg fast der ein er. Elles fell ein ned og tek 1d4 skade for kvar høgd (maks 3d4)..

**Gjengen må finne ut korleis dei skal få tak i nettet.**

Hogge ned treet? Dette vil ta for lang tid. Magi? Spell'en "Mage hand" kan brukast, men dei må kunne sjå nettet først. Anna? Pass på å ikke brenne opp treet og dermed nettet i same slengen.

Klatre? Athletics DC 12. Med 3 vellukka kast for å kome til topps.

Det må minst 2 til for å få laus nettet. Dersom nokon hjelpt til ved å feks løfte, heie, sei kor dei skal klatre får klatrar ADVANTAGE. H\*n får då kaste 2 terningar og bruke det beste resultatet. Å klatre ned att er enkelt og treng ikkje DC.

**Uansett om dei får tak i nettet, eller om dei gir det opp; neste steg er å jakte på Owlbear!**

## Del 4: På jakt

Borr peiker dei i retning nordover, til eit område han meiner det er observert Owlbear. Rangeren SNUS, eller andre, trillar SURVIVAL DC12 for å klare å finne spor etter dyret\*. Uansett suksess eller ikkje, må heile gruppa trille STEALTH DC12 for å liste seg i skogen. Dersom halvparten eller fleire klarar STEALTH DC12 klarar dei å gå stille.

\*Dersom Ranger eller gruppa failar, treff dei ein GIANT BADGER som angrip dei.

**TIPS!** Ved kamp; dersom dei første spelarane klarar å ta mykje HP på monsteret - la monsteret leve lenge nok til at alle spelarane får ta ein runde og prøve å ta eit angrep. Dersom det ikkje blir kamp, og dei heller ikkje hamnar i kamp med OWLBear; la GIANT BADGER angripe dei rett før del 7: Heimkomsten, slik at dei får prøve ein kamp.



Når dei klarar sine DC eller dei drep Giant Badger'en går dei vidare og finn Owlbear utan fleire DC. Gå då til neste side.

### GIANT BADGER INFO/STATS:

#### Giant Badger

*Medium beast, unaligned*

**Armor Class 10**

**Hit Points 13 (2d8 + 4)**

**Speed 30 ft., burrow 10 ft.**

STR	DEX	CON	INT	WIS	CHA	Actions
13 (+1)	10 (+0)	15 (+2)	2 (-4)	12 (+1)	5 (-3)	<b>Multiattack.</b> The badger makes two attacks: one with its bite and one with its claws.
Senses darkvision 30 ft., passive Perception 11						<b>Bite.</b> Melee Weapon Attack: +3 to hit, reach 5 ft., one target. Hit: 4 (1d6 + 1) piercing damage.
Languages —						<b>Claws.</b> Melee Weapon Attack: +3 to hit, reach 5 ft., one target. Hit: 6 (2d4 + 1) slashing damage.
<b>Challenge 1/4 (50 XP)</b>						


**Keen Smell.** The badger has advantage on Wisdom (Perception) checks that rely on smell.

Giant Badger finn du i Monster Manual side 323

## Korleis kamp fungerar

Player's Handbook s.192

Kamp foregår i "rundar". For å finne ut kven som går først rullar alle spelara rullar ein d20 og legg til sin INITIATIVE. GM rullar ein d20 og legg til monster sin DEX modifier (i stats til GIANT BADGER på side 14 ser vi at denne er +0). Den som får høgst resultat byrjar sin runde, so er det nest høgst osv. Når alle, inkludert monster har fått gjort sin tur, er det runde 2 i samme rekkefølge.



### Spelarane kan gjere fylgjande i sin runde:

**Flytte** sin movement speed og bruke 1 handling. Som handling kan dei velje mellom:

**Angrep:** Spelar vel våpen, trillar d20 og legg til våpen modifier (HIT). Spelar må få lik eller høgare enn monsteret sin Armor class (AC) for å treffe. Giant Badger har AC10.

Døme: GNÅL brukar Rapier (kårde). H\*n rullar d20, får 10 og legg til HIT for rapier som er +4. Totalt blir dette 14, som er over

Giant Badger sin AC10. Spelaren treff med sitt angrep og rullar då skaden som her er 1d8 + 2. Spelar rullar 3 på sin d8 og legg til +2 som blir totalt 5. Giant Badger sine Hit Points/HP går då frå 13 og ned til 8 (HP13 - skade 5 = 8). Når HP er 0 er den daud.

NAMN:	HIT (d20+):	SKADE:
RAPIER (KÅRDE)	+4	1d8 + 2


### eller... Bruke spells:

Nokre karakterar brukar magi kalla spells (feks Bard og Sorcerer). Spell kalla cantrips kan brukast mange gonger per dag i spelet, medan andre spells kan brukast ut frå kor mange spell slots dei har. I dette eventyret har GNIST cantripen "Fire Bolt". Denne har HIT +5 og gir 1d10 i ildskade om den treff. Vidare har GNIST 2 spells og 2 spell slots. Det betyr at h\*n kan bruke 1 spell 2 gonger, eller begge spells 1 gong kvar, i løpet av ein dag.

FIRE BOLT	+5	1d10
-----------	----	------

Den som spelar GNIST og GNÅL får eigne ark med forklarte spells.

eller... **DASH**: Flytte dobbel speed. Dersom spelar normalt har 30 feet i speed kan den altså flytte opp til 60 feet på sin runde.



eller... **HELP**: Spelaren kan hjelpe nokon med å fullføre noko. Den som spelaren vel å hjelpe får då ADVANTAGE på det neste h\*n prøver å få til. Dette gjeld og ved angrep. ADVANTAGE vil sei å rulle 2 stk d20 og bruke det beste resultatet.

eller... **USE AN OBJECT**: Spelaren bruker eit spesielt objekt. Til dømes: å drikke ein Potion of Healing, eller skyve vekk ein kasse.

eller... **DISENGAGE**: Dersom spelaren er i naboruta til fienden under kamp, og vel å gå vekk - får fienden lov med eit "gratis" angrep på spelaren (attack of opportunity). Dersom ein brukar runden sin på å ta DISENGAGE kan ein flytte karakteren sin vekk frå fienden UTEN at fienden får ta dette angrepet.

Ting som også er mogleg, men som vi ikkje tek med i dette eventyet: READY, SEARCH, HIDE, DODGE, USE AN OBJECT, BONUS ACTIONS.

## Får ein spelar 0 eller minus i HP?

Då er spelaren slått bevisstlaus og svevar mellom liv og død. Spelaren må trille ein d20 på sin neste runde. Får spelaren 10 eller meir får h\*n ein SUCCESS. Dersom det vert 9 eller lågare får h\*n ein FAILURE. Neste runde trillar spelaren på nytt. For å overleve må spelaren få 3 stk SUCCESS før h\*n får 3 FAILURES. Ved 3 SUCCESS vaknar spelaren til live att med 1 HP. Ved 3 FAILURES er spelaren sin karakter død.

Dersom spelaren får 20 på terningen vaknar h\*n med 1 i hp.

Dersom spelaren får 1 på terningen tel det som 2 stk FAILURES.

Vi kallar desse kasta DEATH SAVES / DEATH SAVING THROWS.

Dei andre spelarane kan trille MEDICINE DC10 og gjere at den bevisstlause vaknar med 1 HP, om dei klarar DC. Hugs at Bard'en GNÅL har spells som kan gi healing.


GM sine monster tek ikke death saving throws, men dør når dei får 0 i HP.

## Kamp og kart

Nokre foretrekk å ha eit kart når det er kamp. Då er det lettare å halde orden på avstand mellom spelarar og monster. Vedlegg 3 er eit kart du kan bruke dersom det vert kamp mellom Giant Badger/Owl bear og spelarane. Bruk av kart kan fort få spelet til å stoppe opp og at spelarane går ut av rollene sine. Dersom du vil ha meir rollespel og mindre "brettspel" kan du vurdere å kun ha kartet bak GM-skjermen din, slik at du har oversikten.

Bruk terningar, spelebrikker, småklossar eller liknande for å markere dei ulike spelarane og monster på kartet.

Kvar rute er 5 feet. DVS at ein spelar som har 30 feet i speed kan gå 6 ruter på sin runde (eller 12 dersom h\*n vel å bruke DASH).



Set spelarane 20 feet/4 ruter frå Giant Badger.

Dersom spelar vil bruke nærkampvåpen (shortsword, dagger, handaxe etc) må h\*n flytte til naboruta til fienden for å kunne angripe.

Dersom spelar vil bruke avstandsvåpen (crossbow, shortbow, kaste handaxe/dagger) må h\*n vere minst 10 feet/2 ruter unna.

Dersom ein brukar avstandsvåpen når ein står i ei rute som er ved sidan av fienden får ein DISADVANTAGE når ein trillar for å treffe. Ein må då rulle 2 terningar og ta det dårligaste resultatet.

## Del 5: Fangsten

Gruppa får auge på ein diger Owlbear liggjande i ein liten lysning. Alle kan ta eit PERCEPTION kast. Dei som klarar DC10 ser at den sov. Dei som klarar DC12 ser at det også er ein liten Owlbear unge som tuslar rundt og snusar på ting. Når dei ser størrelsen på Owlbearen kan du som GM sei at dei skjønnar at dei ikkje har sjans dersom denne angrip dei. Dersom dei likevel vil prøve, bør ein advare dei, men det får eventuelt gå som det går (sjå stats for vaksen Owlbear side 19).

Kanskje dei kjem opp med ein genial plan? Lat dei i so fall prøve og gi dei eventuelt ADVANTAGE om det er en kul plan.

Det er meir realistisk å fange den vetle ungen. Kanskje dei vil snike seg bort (STEALTH) og ta ungen? Kanskje dei klarar å lure den vekk frå mora på ein eller anna måte? Dei har jo til dømes matrasjonar i sekkane sine. Kanskje dei vil nytte magi?



**DØME DERSOM DEI VIL TA UNGEN:**  
STEALTH DC12 for å ikke vekke mor/  
skremme ungen.

SLEIGHT OF HAND DC12 for å ha  
nettet klart eller kaste nettet  
på ungen.  
STRENGTH DC10 for å klare  
å løfte ungen oppi nettet  
eller bære nettet med  
ungen oppi.

Om dei går til angrep på  
mor, og finn ut at dei  
må flykte, eller dei  
klarar å fange ungen, so  
går dei vidare til del 6.

## Info/stats om vaksen Owlbear:

Monster Manual side 249

### Owlbear

*Large monstrosity, unaligned*

**Armor Class 13 (natural armor)**

**Hit Points 59 (7d10 + 21)**

**Speed** 40 ft.

STR	DEX	CON	INT	WIS	CHA
20 (+5)	12 (+1)	17 (+3)	3 (-4)	12 (+1)	7 (-2)

**Skills** Perception +3

**Senses** darkvision 60 ft., passive Perception 13

**Languages** —

**Challenge** 3 (700 XP)

**Keen Sight and Smell.** The owlbear has advantage on Wisdom (Perception) checks that rely on sight or smell.

### Actions

**Multiattack.** The owlbear makes two attacks: one with its beak and one with its claws.

**Beak.** *Melee Weapon Attack:* +7 to hit, reach 5 ft., one creature. *Hit:* 10 (1d10 + 5) piercing damage.

**Claws.** *Melee Weapon Attack:* +7 to hit, reach 5 ft., one target. *Hit:* 14 (2d8 + 5) slashing damage.

Owlbear sin Armor Class/AC er 13. For å treffe med eit angrep må då spelaren trille d20, legge til våpenet sin

HIT-bonus (i Crossbow, light tilfellet +2) og få eit resultat som er lik eller høgare enn 13 for å treffe (sidan AC er 13). Ved treff trillar spelaren skade (i

Crossbow, light tilfellet 1d8). GM trekk skaden frå monsteret sin totale HP (59).

